


Styremøte Vestland – 2025

Onsdag 28.05. kl.09:00 – 15:30

PROTOKOLL



[De unges festspilldag og De unges festspillforestilling 2025](#)

Sakskart til styremøte 28.05.25:

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2025.02 Referatsaker	3
2025.03 Styrearbeid	3
2025.04 Politisk arbeid	4
2025.05 Utviklingsområda	4
2025.06 Orienteringar	4
2025.07 Eventuelt	5

Frå styret møter:

styreleiar Hege Eide Vik
nestleiar Kjetil Høgseth Felde
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Karianne Kayser
styremedlem Rolf Seldal

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakskart godkjend.

Vedtak:

Innkalling og sakskart godkjend.

2025.02 Referatsaker

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

2025.03 Styrearbeid

Forslag til vedtak:

1. Styreinstruks for regionstyret vert tatt til orientering.
2. Det er inga forslag til vedtak.
3. Evaluering vert sak på neste fysiske styremøte.

Vedtak:

1. Styreinstruks for regionstyret vert tatt til orientering.
2.
 - a. Kulturskolerådet sin administrasjon og leiding vert oppmoda om å arbeide vidare med nettsidene for å møte medlemmene sine forventningar.
 - b. For kommande periode oppmodar ein neste regionstyre om å utarbeide tiltaksplan for operasjonalisering av styringsdokument.
 - c. For å få best mogleg operative regionsstyrer oppmodar ein om å etablere treffpunkt / nettmøte for styremedlem på tvers av regionar i høve kva oppgåver dei eventuelt får særleg ansvar for.
3. Evaluering vert sak på neste fysiske styremøte.

2025.04 Politisk arbeid

Forslag til vedtak:

1. Det er ingen forslag til vedtak.
2. Rådgjevar tek innspel frå styret med i vidare arbeid med Medlemsmøte 2025.
3. Saker til Regionmøte med val 2025 vert følgt opp i neste styremøte.
4. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare arbeid med medlemmene.

Vedtak:

1. Representasjon frå Kulturskolerådet Vestland vert sett i samanheng med tilbakemelding frå KS Vest på kven me møter 23. september 2025.
2. Rådgjevar tek innspel frå styret med i vidare arbeid med Medlemsmøte 2025.
3. Saker til Regionmøte med val 2025 vert følgt opp i neste styremøte.
4. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare dialog med medlemmene i høve leiarmøte hausten 2025.

2025.05 Utviklingsområda

Forslag til vedtak:

Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet er tatt til orientering.

Vedtak:

Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet er tatt til orientering.

2025.06 Orienteringar

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til orienteringar.

Vedtak:

Det er ingen saker til orienteringar.

2025.07 Eventuelt

Saksdokument: Skriv frå medlemskommune sendt til Kulturskolerådet Vestland.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.

Vedtak:

Spørsmåla meldt til regionstyret om avvikling av «Ungdommens Musikkmeisterskap» (UMM) vert stilt Kulturskolerådet ved styreleiar og direktør.

Saksutgreiing:

Medlemmer stiller spørsmål ved avviklinga av Ungdommens Musikkmeisterskap (UMM).

Regionstyret har motteke sak til eventuelt frå medlemskommune, som løfter spørsmål medlemmer stiller seg som dei ikkje finn svar på.